



# Mellombels rapport frå arkeologisk registrering Veset gnr. 49/2 og 50/10 i samband med etablering av VA anlegg frå Mjeldalen til Espevoll




I samband med bygging av VA anlegg frå Mjelddalen til Espevoll på Osterøy vart det gjort ei kulturminnefagleg vurdering av tiltaket. Anlegget som er vel 3600 meter med føremål og etablere grøft for Vatn og avløp og areal for mellombels anleggsveg i tillegg areal til høgdebasseng. Deler av strekket punkt 3000-3600 er og satt av til skogsbilveg.

Den kulturminnefaglege vurderinga vart gjort i ulike steg, først gjekk ein igjennom kjente funn og informasjonar frå Mjelddalen til Espevoll. Deretter vart det gjort ei synfaring med særleg fokus på areal der det har vore gjort funn og areal som kan ha eit potensial for nye funn. Synfaring i traseområdet har fleire mindre områder som var aktuelle for å vurdere nærmare. I samband med ferdigstilling vart det definert nokre strekk som skulle venta til kulturminnevernet hadde fått gjort undersøkingar og kunne gje fråsegn.

I fråsegn av 06.12.2022 kom me med innspel til tre område. Osterøy kommune la desse inn som område med vilkår om arkeologisk granskning før igangsetjingsløyve kunne gjevast.


- 1) I arealet oppe med Sandbrekkene, her ligg Id 25539 att, men det var tidlegare to haugar til i området. Desse låg ut i frå informasjonen i området VA grøfta skal gå i. Her er i dag overflatedyrka grasmark. På flata opp i mot vegen er det delvis rydda beite, her vart det i samband med reguleringsplan for veg og gjort funn i frå eldre jernalder.



- 2) Del av traseen går over dyrka mark inne på 50/3. Utskiftingskart over garden frå 1892 viser at her var ein av hovud åkrane på garden.



- 3) Oppe på området kalla Haugen, inne på Veset 49/2 skal grøfta kryssa den gamle bøgarden, der denne kjem opp i frå terrenget i nord. Her er det attmed den gamle bygdevegen, som ligg vest for VA anlegget, og gjort eit skattefunn i frå vikingtid.



I møte med Osterøy 18.01.2023 kom det fram at framdrift og tilbakeføring av areal på deler av strekket gjorde det naudsynt med ei så tidleg avklaring som råd. Det var særleg områda 2 og 3 som var viktige. Etter avtale med Osterøy kommune kom me den 25.01.2023 i gang med undersøkinga. Fylkeskommunen fekk me avklart kulturminneverdiane i to av delstrekka som stod på vent.

### **Areal 2 – dyrka mark-åker på Veset gard gnr. 50 bnr.10**

I dette arealet vart det grave opp tre søkesjakter. Tiltaksområdet vil i praksis vera 6-7 meter breidde. Veret og årstida gjorde det naudsynt å grave breiare, men kortare sjakter slik at vatn og eventuell teleløysing ikkje gjer skade på kringliggande areal.


Sjakt 1 -rektangulær sjakt lengst nordvest og øvst. Sjakta er vel 7x13 meter og dekker eit areal på 112,9 kvadrat. Sjakta ligg på øvste ryggen i terrenget, der bakken dreier mot nord. Dekket av lausmassar er nokså tynt. I nordre del berre 10-15 cm, medan noko djupar i sør. Undergrunnen i sjakta har mykje grus og større stein. I nordvestre del synest det som om terrenget er fylt opp.

Sjakt 2 – rektangulær sjakt midt i traseen, 28 meter i frå første sjakt mot søraust. Sjakta er vel 6,5x13 meter og dekker eit areal på 95 kvadratmeter. Sjakta ligg i skrånande terreng som haller mot sør. Overrekkinga av jord her er mellom 30 og 40 cm. Undergrunnen i sjakta deler her seg i to. I nordvestre kant er det stein og grus medan det er finare sand i søraust. Her er det og grave ned nyare tids veiter.

Sjakt 3 ligg plassert 22 meter i frå sjakt 2, nærmare tunet og veg i traseen, den er vel 12x6 meter og dekker eit areal på vel 74 kvadrat. Sjakta ligg i eit søkk i terrenget, her er difor overrekkinga noko tjukkare. I søraustre del kom me ned på eit lag mot botn som det var sporadiske mørke flekker i. Undersøkinga i felt gav ingen klare lagdefinisjonar, det vart heller ikkje gjort funn av trekol, meir sot som farga laga. Inntrykket i felt var at dette laget representerer anten naturlege prosessar eller som del av nyare aktivitet på åkeren. Det vart påvist ei veite i søraustre hjørne av sjakta.



Kart og fotoserie over sjaktene 1-3 på Veset, gnr. 50 bnr. 10 Osterøy kommune.



Kart over utskifting for innmarka til Søre Veset frå 1892, viser innmark og dyrka mark på garden slik den var ved utskiftinga.

### Areal 3 Haugen, inne på Veset 49/2

Tiltaket ligg aust for området Haugen, her er i dag beite og slåttemark, det går ein eldre steingard mellom inn og utmarka til garden. Utskiftingskart frå 1889 viser at området i den tid og var slåttemark, det er få eller lite dokumentert aktivitetar i området. Det er tidlegare gjort eit depot/offerfunn av sølvringar – frå vikingtid ved Haugen, der gamle bygdevegen går. Dette er truleg vegen som er vist på kartet ein vel 120 meter aust for VA grøfta. Det er ikkje gode funninformasjonar, men truleg er funnet gjort i bakkane opp til toppen etter leet ved steingarden ved utmarka. I så fall er funnet gjort i området mellom 100 -150 meter i frå grøft og veg.

Øvst på Haugen er det ei lita flate, her er eit eldre kulturlandskap, der steingarden svingar seg sørover langs med høgdedraget. Inne på arealet ligg ei mindre rydningsrøys oppe på ein knaus.

Det vart opna ei sjakt inne i traseen og ei i tilstøytane veg og riggareal.

Sjakt 4 ligg i eit smalt drag, her stig terrenget frå sør mot nord og er i tillegg noko sidebratt. Sjakta er vel 4x4 meter brei. Her er lite dekke av lausmasser, mest berre torv og eit tynt lag med stein og grus før ein kjem ned på fast berg.

Sjakt 5 vart lagt på toppen av høgdedraget – austre del av Haugen.. sjakta dekkar eit areal på vel 45 kvadratmeter. Området viste seg å berre ha eit tynt lag med torv over fast fjell. Nokre stader noko djupare.



Foto sjakt 4 og 5 og kart over plassering i terrenget.



Kart frå 1889 over same undersøkingsområdet inne på Nordre Veset gnr. 49 bnr. 2

### Oppsummering

Det vart opna i alt 5 sjakter i to av tre delområde satt av for arkeologisk avklaring i samband med bygging av VA-anlegg. Sjaktene på Søre Veset låg i areal tidlegare nytta til åker på garden. Sjaktene viste og spor etter åkerdrift, men ingen lag som kunne knytast til førhistorisk aktivitet vart påvist. Inne på arealet oppe på Haugen på Nordre Veset gnr. 49 bnr. 2 vart det opna to mindre sjakter, området vart valt på grunn av funn gjort i nærleiken. Sjaktene viste ingen spor etter førhistorisk aktivitet.